



Notat

Dato
FØRDE, 14.09.2015

Til: Hovudutval for kultur

Fra: Fylkesdirektøren

Søknad om investeringsstøtte til Måløyraidsenteret

Bakgrunn:

Stiftinga Måløyraidsenteret søker i brev av 30.juni 2015 om 800 000 kroner i støtte til etableringa av Måløyraidsenteret i Måløy, jf vedlegg 1.

Saka er godt kjend frå tidlegare handsamingar i hovudutval og fylkesting, så fylkesdirektøren går ikkje her nærmare inn på innhaldet i prosjektet, men legg vekt på nye opplysningar i saka, tilhøve mellom senteret og Musea i Sogn og Fjordane og økonomi.

Nye opplysningar:

Stortinget har i samband med revidert nasjonalbudsjett løvt 2 mill kroner til etableringa av Måløyraidsenteret. Dette kjem i tillegg til 3,3 mill kroner som Forsvarsdepartementet tidlegare har løvt. Sparebankstiftinga DNB Nor har tidlegare sett av 1 mill kroner (det har vore noko usikkert rundt denne løyvinga då det har trekt ut i tid å få fullfinansiert senteret, men det er etter det vi har fått opplyst dialog mellom senteret og Sparebankstiftinga om å sikre denne løyvinga).

Tilhøve til Musea i Sogn og Fjordane:

Stortinget har i sitt vedtak om investeringsmidlar lagt til grunn at senteret skal driftast av Musea i Sogn og Fjordane. Det er i 2012 inngått intensjonsavtale mellom stiftinga Måløyraidsenteret og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane (MiSF) om framtidig drift av senteret. For MiSF sin del er det ein førsetnad at dei vert tilført nye midlar for å kunne ta på seg drifta av Måløyraidsenteret. Styret for Musea i Sogn og Fjordane har på oppdrag frå fylkeskommunen prioritert utfordringar som dei må løyse, jf omtale i a.dok 5/13. I den prioriteringa kjem drifta av Måløyraidsenteret eit stykkje ned på lista, og føreset ekstern fullfinansiering. Musea i Sogn og Fjordane si rolle i prosjektet er framleis uklar.

Økonomi:

Kulturdepartementet har i brev til Musea i Sogn og Fjordane informert om løyvinga på 2 mill kroner, jf vedlegg 2. MiSF vert gjennom dette brevet bedt om å avklare nærmare med Stiftinga Måløyraidsenteret og Vågsøy kommune om korleis prosjektet skal gjennomførast. Det er avtalt møte mellom partane fredag 18. september. Fylkesdirektøren vil formidle evt nye opplysningar frå dette møtet til hovudutvalet.

Brevet frå departementet omtalar elles berre løyvinga på 2 mill kroner. Det er ikkje sagt noko om ev. statlege midlar til drift av senteret, eller forventningar til andre partar om investerings-/ driftsmidlar.

Som del av innsparingane i fylkeskommunen, har fylkestinget vedteke å redusere sitt tilskot til drifta av musea i fylket med 3 mill kroner. Musea sitt forsøk på å få kommunane til å auke opp sine driftstilskot, er ikkje komme i mål enno. Dette betyr at Musea i Sogn og Fjordane må bu seg på ein



budsjettreduksjon i åra framover. Som konsekvens av reduserte regionale/kommunale løyvingar, vil musea også måtte bu seg på reduserte statlege løyvingar til drifta. Den totale reduksjonen i musea sine rammer kan bli større enn dei 3 mill som fylkeskommunen har redusert med.

Det er styret for Musea i Sogn og Fjordane som disponerer driftstilskotet som kjem inn frå stat, fylkeskommune og kommunar. Fylkesdirektøren kan likevel vanskeleg sjå at det vil vere mogleg å halde oppe, og endå til utvide aktiviteten ved musea gitt nivået på den driftsøkonomien som teiknar seg framover.

Staten har gjennom sine løyvingar til etableringa av Måløyraidsenteret ikkje føresett fylkeskommunal delfinansiering. Fylkeskommunen sin økonomiske situasjon er som kjent under press, og det er forventa store reduksjonar i driftsinntektene framover. Dette tilseier stramme prioriteringar framover.

Konklusjon:

Fylkesdirektøren ser ikkje at det er rom for å rå til at det vert løyvt midlar til etableringa av Måløyraidsenteret.